



Outlook

SV: Detaljregulering Grebstadvegen - Problemstillingar etter 2.gongs høyring

From Arild Rindal <abr@nordplan.no>

Date Fri 9/20/2024 13:51

To Arild Sunde Rinnan <arild.sunde.rinnan@sykkylven.kommune.no>; Heidi Hansen <hh@nordplan.no>

Cc Elisabet Digernes Eikås <ede@nordplan.no>; Erlend Lade Sæther <els@nordplan.no>

📎 2 attachments (1 MB)

Busslomme Grebstadvegen mål og tverrsnitt.pdf; T_Regplan_alt2_busstopp_19.09.24.pdf;



[ADVARSEL] Avsendar på denne eposten er utanfor Sykkylven kommune. Ikkje klikk på lenke eller opne vedlegg om du ikkje kjenner avsendar eller er trygg på at innhaldet er sikkert.

Hei Arild,

Her kjem nokre svar på det du spurte om lengst nede.


Sidan Nordplan allereie har bekrefta at alternativet for traseen til Sjurvegen som blir presentert er den beste løysinga så støttar eg meg på den vurderinga. Når det er sagt så har vi gjort ei ny sporingsanalyse for denne vegen med køyretøyelengde på 9m som viser at svingbevegelsen lar seg gjere, då både for brannbil og renovasjonsbil.

Sjå utklipp under, liten lastebil (8m) til venstre og lastebil (12m) til høgre:




Liten lastebil går fint i 1 svingbevegelse, køyremåte A. Stor lastebil klarer ikke svingen i 1 bevegelse, men må rygge seg litt til før den kjem fram, køyremåte C. Sidan det berre er renovasjonsbil og brannbil (8,89m) som skal opp sjurvegen så er skissert vegløysing tilfredsstillende.

Det er også sett på svinggradus for lastebil (12m) i krysset mot Eimsvegen, køyremåte B. Her er det god klaring og skissert løysing vil fungere for lastebil (12m).



Etter avklaringar om at busslommen skulle flyttast i plankartet er dette no gjort. Revidert plankart ligg ved i denne mailen klar til oversending til offentleg myndighet. Det er også lagt ved ein kort redegjørelse for dimensjonane av busslomma. Siste versjon av N100 er nytta her.



Som SVV skriv så er det kommunen som er vegeigar på kommunal veg og avgjer kva dimensjonar den skal ha. Slik eg tolkar det vil SVV at kommunen alltid skal legge til grunn gjeldande N100 med skildring av fråvika dei no prosjekterte vegane vil ha samanlikna med ny N100. Eg syns kanskje ein her skal stå på sitt og framleis legge 2014-utgåva til grunn med grunnlag i tida det har tatt frå oppstart til ferdigstilling.

For å få skikkelig oversikt over skilnaden på vegklassa mellom 2014-versjonen og 2023-versjonen har eg lagt ved link til tabellen i handbøkene:

- 2014-versjon: [hb-n100.pdf \(vegvesen.no\)](#) Sjå kap. S.38 Tabell C.2:Dimensjoneringsklasser for veg
- 2023-versjon: [N100:2023_|_Viewer \(vegvesen.no\)](#) Sjå kap. 3.3-3 Standardkrav for dimensjoneringsklasser.

Når ein tek utgangspunkt i ÅDT og fartsgrense ser det for meg ut som at valde vegklasser i 2014-versjonen (SA1 og A3) ville blitt L1 og L2 i 2023-versjonen. Då ville L1 bli 1,5m breiare enn SA1 og L2 ville blitt tilnærma lik som A3 sidan L2 har intervallbreidde mellom 3,5m og 4,5m.

Håpar dette var oppklarande. Berre ring om noko er uklart så skal vi få det klart.

Med venleg helsing